

# ÅRSMELDING FOR 2012

## JØSNESET BYGDARÅD

### Årsmøtet blei halde 28.02.12.

Helga Havneraas møtte for valnemda. Valnemda sitt forslag blei einstemmig vedteke:

Berit S. Hjorteland, leiar

Odd Fossaa, Sven Westersjø og Cesilie Wåland hadde alle 1 år igjen som styremedlemer

Ola Skiftun er varamedlem for 1 år

Knut Foss er varamedlem for 1 år

Olga Hjorteland er nytt medlem i valnemda

### På første styremøte konstituerte styret seg slik:

Leiar: Berit S. Hjorteland

Sekretær: Silje Sværen

Kasserar: Odd Fossaa

Styremedlem: Cesilie Wåland (ansvarleg innkjøp) og Sven G. Westersjø (ansvarleg Trivselsstova)

### ÅRET 2012:

- Bygdarådet har hatt 6 ordinære møte
- **Ryddedag:** 8. mai. Godt oppmøte, med pølser, brus og kaffi som vanleg.
- **Jonsok-feiringa** var som ellers i Skiftu-stranda. Det var godt oppmøt. Grilling, tautrekking og krabbekonkurrans som vanleg.
- **Tenning av julegrana** 9. desember ved brannstasjonen. Me starta frå kaien med fakkeltog. Gang rundt juletreet, gløgg og sal av pølser. Med fyr på bålpanna og mykje folk blei det eit triveleg arrangement. Med ny, nedgravd «fot» blei juletreet ståande sjølv i stormen.
- **Trivselsstova:** Sven er kontaktperson for utleige av trivselsstova. Ny oppvaskmaskin er no på plass. «Museumsskapet» skal byttast ut med ei plassbygd bokhylle som skal romma bøker (gåve frå Berit T. Skiftun).
- **Bulyst-prosjektet:** Odd er vår representant i dette arbeidet, som no står litt i stampe. Det blir arbeidd vidare med planar for ein felles utandørs møtestad.
- **Jøsneset på nett:** Vår heimeside [www.josneset.no](http://www.josneset.no) har mykje besøk. I staden for kommentar-felt på nettsida er det oppretta ei Facebook-gruppe for Jøsneset.
- **Gapahuken:** Bygdarådet tar sin del av ansvaret for drift og vedlikehald av Gapahuken ved Fosstemmen. Det blir ved-dugnad med sosialt samvær før våren.
- **TV-aksjonen:** Bygdarådet gjekk som vanleg med bøsser

### Andre saker me har jobba med:

- **Send brev** til kommunen ang parkeringsplass ved skulen, men her skjer det foreløpig ingenting. Brev til Kyrkjekontoret ang vedlikehald på gravplassen; dei lover å sjå på dette. Kontakt med Vegvesenet ang humpar i vegen og brøyting.
- **Laga uttale** til ny plan for trafikktryggleik og nye ferjeruter.